



Kaland Trelast AS
Kjeilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3364 - 16/10275

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
15.04.2016

Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 40/54 Hodneland

Administrativt vedtak. Saknr: 201/16

Vi viser til Dykkar søknad, journalført med vedlegg den 09.02.2016, vårt førebels svar av 11.02.2016 og innsendt tilleggsdokumentasjon.

Vurdering

Søknaden kan ikkje handsamast på grunn av fylgjande tilhøve:

- Innsendt søknad om dispensasjon er ikkje grunngitt, jf. pbl § 19-1

Etter lova må det vere klart at det er sett krav om at dispensasjonssøknader skal vere grunngitt. Ein slik søknad skal mellom anna gjere greie for kva for tilhøve søkjar ser på som grunnar som talar for at det bør gis dispensasjon til å fråvike aktuell lovføresegn, plan, forskrift eller vedtekt. Grunngjevinga må bygge på spesifiserte, klare og relevante omsyn om tiltaket. Det bør også klargjerast i kva grad omsyna bak føresegna vert sett til side. Som hovudregel kan det berre gis dispensasjon til eit konkret byggetiltak. Tilhøyrande anlegg må også vere omfatta om eit tiltak som dette skal kunne realiserast etter dispensasjonshandsaminga.

Det kan vere av betydning som ein kan dokumentere at veg, vatn og avløp kan realiserast. Dette er ikkje sannsynleggjort.

Sosiale, helsemessige, økonomiske årsaker, arv og/eller slektskapsforhold og andre privatrettslege og personlege grunner er som regel ikkje relevante.

VEDTAK:

Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen.

Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
Avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Runar Kildehaug

Sædalssvingen 46 5099

BERGEN

Mottakarar:

Kaland Trelast AS

Kjeilevegen 45 5953

FONNES